

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Trondheim, 30.09.2015

Dykkar ref.:  
[Dykkar ref.]

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
2014/1672

Sakshandsamar:  
Marie Lier

## Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - endeleg godkjenning av forvaltningsplan.

Vi viser til brev dagsett 23. mars 2015, der Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har oversendt forvaltningsplanen for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde til endeleg godkjenning etter høyring. Miljødirektoratet har gått gjennom utkastet til forvaltningsplan. Forvaltningsplanen virker godt gjennomarbeida og er innafor rammene av forskrifta for verneområdet. Vi har nokre kommentarar til forvaltningsplanen.

- Tiltak: Mange av tiltaka som er lista opp i forvaltningsplanen er fortsatt ikkje å rekne som tiltak, jf. kommentar ved fagleg gjennomgang; «Mange av tiltaka som er lista opp i forvaltningsplanen er ikkje å rekne som tiltak. Dette gjeld til dømes faste forvaltningsoppgåver som generelt vedlikehald av stiar, eller at ein skal halde god kontakt med grunneigarar. Nokre av dei føreslegne tiltaka er betre eigna som forvaltningsmål. Tiltak bør vere avgrensa og konkrete oppgåver forvaltningsstyresmaka skal utføre på konkrete stader, som til dømes å sette opp skilt ved ein konkret innfallsport, ikkje at ein skal sette opp skilt generelt. I tillegg bør ein prioritere mellom dei. Ein kan med fordel velje å lage ein eigen tiltaksplan som kan vere eit vedlegg til forvaltningsplanen, slik at den enkelt kan verte revidert og oppdatert.»
- 2.1.3, Klima og naturtypar. I avsnittet står det ingenting om naturtypar, så vi foreslår å fjerne ordet naturtypar.
- 2.3, Dagens bruk av området. Vi foreslår å slette dette avsnittet, sidan det same er omtala i kapittel 4 om brukarinteresser.
- 4.1.4 og 4.6.4, Vurdering av miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova (nml): Her bør ein vise til dei konkrete føresegna ulike stader i teksten.
- 4.2.3; Merking av jaktposter er skriven inn som «tillate etter søknad». Kva for paragraf i forskrifta er det heimla i?
- 4.3.3, Praktisk friluftsliv; Organisert bruk av hest: Organisert bruk av hest er tillate utan søknad på begge sider av Traudalsvatnet, på stien frå Ryggjastøylen og opp mot Berdalsegga, men i teksten står det oppført under «tillate etter søknad». I teksten under boksen står det i tillegg ei setning om at det per i dag ikkje er vegar og stiar kor det føregår organisert bruk av hest. Dette bør ryddast opp i.
- 4.3.3; Praktisk friluftsliv, Tillate etter søknad, «Organisert ferdsle og ferdsleformer som kan skade naturmiljøet» står fortsatt som ei ufullstendig setning, jf. kommentar ved fagleg gjennomgang. Vi foreslår å sette det som eige strekpunkt.
- 4.5.3, Generelle rutinar ved bruk av løyve til motorferdsel; I det siste punktet må ein skrive at løyve kan bli utvida til å gjelde fire år av gongen, men ikkje utover styreperioden.
- 4.7.3, Kraftutbygging: Setninga som byrjar med «Verneområdestyret vil vere aktive i høyringsprosessen...» bør verte skrive om, sidan det er forskjell på om kraftutbygging skjer innanfor eller utanfor verneområdet.

- 5.1, Sakshandsaming: Setninga som byrjar med «Klagen skal då sendast til...» må endrast til «Klagen skal då sendast til Miljødirektoratet, som fattar vedtak i klagesaka. Miljødirektoratet sitt vedtak kan ikkje klagast på. Alle vedtak skal også registrerast i miljøvedtaksregisteret.»

Miljødirektoratet har med dei endringane som er nemnde i dette brevet, endeleg godkjent forvaltningsplanen for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde.

Helsing  
Miljødirektoratet

*Dette dokumentet er elektronisk godkjend og har derfor ingen signatur*

Olav Nord-Varhaug  
seksjonsleder

Marie Lier  
seniorrådgiver